

---

**Fra:** Morken, Hugo <fmhohmo@fylkesmannen.no>  
**Sendt:** 12. oktober 2015 12:54  
**Til:** Postmottak Lindås  
**Emne:** Lovlegkontroll - Lindås - - Kommunestyrevedtak 036/15 -  
Bompengepakke Nordhordland  
**Vedlegg:** Lovlegkontroll - Lindås - - Kommunestyrevedtak 036 15 -  
Bompengepakke Nordhordland.pdf

Sjå vedlegg.

\*\*\*\*\*

Med helsing

Hugo Morken  
seniorrådgjevar

Fylkesmannen i Hordaland  
Kommunal- og samfunnsplanavdelinga  
Telefon: 55 57 21 17

[www.fylkesmannen.no/hordaland](http://www.fylkesmannen.no/hordaland)



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Hugo Morken, 55 57 21 17

Vår dato  
12.10.2015  
Dykkar dato  
29.09.2015

Vår referanse  
2015/12727 323  
Dykkar referanse  
15/3059 – 15/31010

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

### Lovlegkontroll av Lindås kommunestyre sitt vedtak i sak 036/15

Vi viser til oversending av 29.09.2015.

#### Vedtak

**Lindås kommunestyre sitt vedtak er lovleg.**

#### Bakgrunn for saka

Lindås kommunestyre slutta seg i møte den 08.01.2015, sak 004/15, til fylkestinget sitt vedtak av 10.12.2014 om bompengesøknad for Nordhordlandspakken.

I møte den 21.05.2015, sak 036/15, slutta så kommunestyret seg til framlegg til justert bompengesøknad. Vedtaket lydde slik:

*«Lindås kommune sluttar seg til justeringane i Nordhordlandspakken, slik dei er skissert i høyringsbrev frå Statens Vegvesen datert 10.04.15.»*

Kommunestyrerepresentantane Øystein R. Moldeklev, Bjarte Vatnøy og Nina Stabell Øverås har den 10.06.2015 fremja krav om lovlegkontroll av vedtak 036/15.

Kravet om lovlegkontroll vart behandla av kommunestyret i møte den 24.09.2015, sak 083/15. Kommunestyret heldt fast ved vedtaket i sak 036/15, og kravet om lovlegkontroll vart sendt til Fylkesmannen.

Når det gjeld bakgrunnen for saka elles, viser vi til rådmannen si saksutgreiing til kommunestyret si sak 083/15.

#### Generelt om lovlegkontroll

Lovlegkontroll er regulert i kommunelova (koml.) § 59. Kommunaldepartementet har delegert mynde til å gjennomføre lovlegkontroll av kommunale avgjerder til Fylkesmannen, jf. rundskriv H-25/92.

Krav om lovlegkontroll kan setjast fram av tre eller fleire medlemar av kommunestyret. Kravet må vere sett fram innan nærmare fristar fastsett av departementet i forskrift.

Ved lovlegkontrollen skal det takast stilling til om innhaldet i avgjerda er lovleg, om den er gjort av nokon som har mynde til å gjere slik avgjerd, og om avgjerda er blitt til på lovleg måte, jf. koml. § 59 nr. 4. Fylkesmannen kan ikkje prøve kommunen si utøving av forvaltningsskjøn. Dersom Fylkesmannen ved lovlegkontrollen kjem til at avgjerda er ugyldig, skal ho opphevast.

### **Fylkesmannen si vurdering**

Vi konstaterer innleiingsvis at kravet om lovlegkontroll er sett fram av nokon som kan fremje krav om lovlegkontroll, jf. koml. § 59 nr. 1, og at kravet er sett fram innan den fristen som gjeld, jf. FOR-1993-01-13 nr. 4041 § 1.

Vidare konstaterer vi at vedtaket er fatta av rett organ i kommunen, og at det har eit lovleg innhald. Kommunen står fritt til å slutte seg til den justerte bompengesøknaden.

Med omsyn til om vedtaket er blitt til på lovleg måte, vil Fylkesmannen peike på at lova ikkje er til hinder for at kommunestyret, etter først å ha gitt si tilslutning til den opprinnelege søknaden, tok den justerte bompengesøknaden opp til behandling. Vi er vidare einig i rådmannen si innstilling til sak 083/15 der han konkluderer med at brevet frå vegvesenet var presist og utfyllande, og gav kommunestyret fullstendig og korrekt informasjon, herunder om kva for justeringar det vart gjort framlegg om i høve den opprinnelege søknaden. Vi finn derfor at saka var opplyst i samsvar med lova sine krav. At det i samband med høyringa av den opprinnelege søknaden var opplyst at bompengeselskapet Nordhordlandspakken AS ville bli lagt ned dersom ikkje alle kommunane samla stod bak eit positivt vedtak, er ikkje etter lova til hinder for at det likevel blir fremja ein justert søknad. Ut frå dei opplysningane som ligg føre kan Fylkesmannen etter dette ikkje sjå at Lindås kommunestyre sitt vedtak i sak 036/15 ikkje er blitt til på lovleg måte.

Etter dette konkluderer vi med at Lindås kommunestyre sitt vedtak 036/15 er lovleg.

Fylkesmannen sitt vedtak kan ikkje klagast på.

Vi ber Lindås kommune underrette dei representantane som hadde fremja kravet om lovlegkontroll om dette vedtaket.

Med helsing

Rune Fjeld  
assisterande fylkesmann

Anne Kjersti Sande  
seksjonsleiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*